



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

# Kommunal beredskapsplikt

Molde kommune

Tilsynsdato: 03.12.2015

Rapportdato: 09.02.2016

## Innhold

<b>1</b>	<b>BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING</b> .....	<b>3</b>
1.1	FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG.....	3
1.2	PÅLEGG OM GJENNOMFØRING .....	3
1.3	TILSYNSTEMA .....	3
1.4	GRUNNLAGSDOKUMENTASJON.....	4
<b>2</b>	<b>HOVDINTRYKK</b> .....	<b>6</b>
3.1	MERKNADER .....	7
<b>4</b>	<b>VIDARE OPPFØLGING</b> .....	<b>8</b>

## 1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor oppsummerer nøkkelopplysningar om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

<b>Tidspunkt for tilsynet:</b>	19.03.2015 (formøte) 03.12.2015 (tilsyn)
<b>Adressa til kommunen:</b>	Rådhusplassen 1, 6413 Molde
<b>Kommunenummer:</b>	1502
<b>Kontaktperson i kommunen:</b>	Eirik Heggemsnes
<b>Fylkesmannen sitt tilsynslag:</b>	Stine Sætre (tilsynsleiar) Atle Morsund
<b>Tilsynsrapporten er skriven av:</b>	Atle Morsund
<b>Tilsynsrapporten er godkjent av:</b>	Helge Mogstad
<b>Førebels tilsynsrapport sendt:</b>	18.12.2015
<b>Endeleg tilsynsrapport sendt:</b>	09.02.2016

### 1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Molde kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

### 1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt embetsoppdrag til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Tilsyna skal gjennomførast i samsvar med DSB sin tilsynsrettleiar og det skal førast tilsyn med den ein-skilde kommune minimum kvart fjerde år.

### 1.3 Tilsynstema

I møte mellom DSB og fylkesmennene i mars 2014 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyn i 2014 og 2015.

#### 1.4 Grunnlagsdokumentasjon

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til fylkesmannen før tilsynet:

Nr.	Dokument	Datering
1.	Dokumentasjon for arbeidet med overordnet ROS-analyse	Ikkje datert
2.	Helhetlig overordnet ROS-analyse 2014 – Molde kommune	04.11.2014
3.	Helhetlig overordnet ROS-analyse 2014 – Vedtak i kommunestyret	11.12.2014
4.	Kommunal planstrategi 2013 – 2016 - saksframlegg	27.05.2013
5.	Planstrategi – Planoversikt 2013 – 2016	00.05.2013
6.	Kommuneplanens samfunnsdal – Molde kommune 2013 - 2022	00.01.2013
7.	Kommuneplanens samfunnsdal – Utfordringsdokument	00.01.2013
8.	Organisasjonsoversikt – Molde kommune	Ikkje datert
9.	Molde kommunes beredskapsarbeid – Styringsdokument - Saksframlegg	23.10.2015
10.	Molde kommunes beredskapsarbeid – Styringsdokument	22.10.2015
11.	Kriseplan for Molde kommune	00.10.2015
12.	Plan for omsorgsberedskap i Molde kommune	19.08.2015
13.	Kvalitetssystem	Ikkje datert
14.	Evakueringsplan for sjukeheimer og omsorgsboliger	08.08.2014
15.	Molde Vann og Avløp KF – Del B-ROS- og beredskapsanalyse	Ikkje datert
16.	Rutiner for mottak, videredistribusjon og håndtering av beredskapsvarsel	Ikkje datert
17.	Rutiner for evakuering og drift av EPS-senter i Molde	Ikkje datert
18.	Samarbeidsavtale mellom Molde kommune og Molde Røde Kors	21.03.2013
19.	Samarbeidsavtale mellom Molde kommune og Molde Sanitetsforening	06.03.2012
20.	Øving Mørejarl 2012 – Evaluering	24.04.2012
21.	Rammeavtale for krisestøtteverktøy (CIM)	05.06.2013
22.	Delegasjonsreglement 2012 – 15	25.10.2012
23.	Lederavtale Molde kommune – Blanco	Ikkje datert
24.	Kommunikasjonsstrategi 2015 – 2022	<i>(lagt fram i tilsynsmøte)</i>
25.	Kommunikasjonsstrategi 2015 – 2022 – Saksframlegg	<i>(lagt fram i tilsynsmøte)</i> 17.04.2015
26.	Kommunikasjonsstrategi 2015 – 2022 – Møteprotokoll	<i>(lagt fram i tilsynsmøte)</i> 05.05.2015
27.	Hendelse nr. 30 – overordnet ROS-analyse	<i>(lagt fram i tilsynsmøte)</i> Ikkje datert

Formøte med Molde kommune vart gjennomført 19.03.2015. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 03.12.2015. Kven som deltok går fram av tabellen under.

<b>Deltakarar</b>	<b>Stilling</b>	<b>Formøte</b>	<b>Opningsmøte</b>	<b>Intervju</b>	<b>Sluttmøte</b>
Torgeir Dahl	Ordfører	X	X	X	X
Sidsel Rykhus	Varaordfører		X		X
Arne Sverre Dahl	Rådmann	X	X	X	X
Eirik Heggemsnes	Kommunalsjef	X	X	X	X
Bård Misund	Beredskapsmedarbeider	X	X	X	X
Randi Myhre	Utviklingssjef	X			
Hilde Johansen	Kommunikasjonssjef		X		X
Kirsti Angelhus	Seksjonsleder		X		X
Stine Sætre	Fylkesberedskapssjef		X	X	X
Atle Morsund	Rådgjevar	X	X	X	X

## 2 Hovudinstrykk

Både dokumentgjennomgangen og tilsynsbesøket viser at Molde kommune er medviten om oppgåver og ansvar for samfunnstryggleik og beredskap. Alle elementa i den kommunale beredskapsplikta er på plass, og arbeidet framstår som gjennomtenkt, godt forankra og godt tilpassa lokale behov.

Kommunen har ein levande beredskapsorganisasjon som er øvd, prøvd og som evaluerer øvingar. Kommunen har rutine for eitt fast årleg møte i kriseleiinga.

Kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i forankra på strategisk nivå i kommunens planstrategi og kommuneplanen sin samfunnsdel - utfordringsdokument. Styringsdokument for beredskap fungerer som bindeledd mellom strategisk plannivå og operativt beredskapsplanverk.

Heilskapleg ROS-analyse er frå 2014 og er forankra i kommunestyret. Vurdering av behov for befolkningsvarsling og evakuering, og kommunens evne til å oppretthalde eigen verksemd i ei krise er tynn i ROS analysen, jf. FM si høyringsfråsegn i brev av 05.11.2014, men desse forholda er vurdert vidare i saksframlegg for kommunen datert 23.10.2015, og i Styringsdokument for beredskapsarbeid.

Beredskapsplanen er basert på gamal mal frå FM og er frå 2005 – sist oppdatert i oktober 2015. Planen er gjennomarbeidd og oppfyller, saman med styringsdokument for beredskapsarbeidet, alle forskriftskrava.

Kommunen har planar/rutinar for øving og opplæring.

Potensialet for forbetring ligg mellom anna i at beredskapsplan er moden for fullrevisjon basert på funna i heilskapleg ROS. Planen kan med fordel bli meir operasjonell. Kommunen bør rydde vekk gammalt i planen og samordne den med Styringsdokument for beredskapsarbeidet. Kommunen bør også vurdere å lage eit årshjul for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap, og å legge varslingslister til CIM.

### 3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte **ingen avvik**. Avvik er definert som manglande oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

To forhold er kommentert som merknad.

#### 3.1 Merknader

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

##### **Merknad nr. 1**

Kommunen bør revidere beredskapsplanverket basert på ROS-analysen, og rydde bort alt gammalt i planen, slik at Ros-analysen, styringsdokument for beredskapsarbeidet og beredskapsplanverket saman oppfyller alle forskriftskrava.

I planverket bør det etablerast tydelegare rutinar for evaluering – både av øvingar og reelle hendingar. Kommunen bør følge opp revisjon av planar beskrive i styringsdokumentet, og samtidig vurdere om varslingslister og oversikt over ressursar kan flyttast til CIM.

##### **Merknad nr. 2**

Planverket oppfyller så vidt saman med kommunikasjonsstrategien for Molde kommune, kravet om plan for krisekommunikasjon. Plan for krisekommunikasjon bør reviderast i tråd med rettleiaren til forskrifta. DSB har utarbeida ein eigen rettleiar for risiko- og krisekommunikasjon som gjev gode innspel til ein slik plan.

Kommunen bør òg revidere ROS analyse og beredskapsplan knytt til behovet for befolkningsvarsling. Beredskapsanalysen i sakframlegget til kommunestyret datert 23.10.2015 bør integrerast i ROS analysen, slik at denne betre vil svare på krava i forskrifta §2 e) og f).

#### **4 Vidare oppfølging**

Fylkesmannen avsluttar tilsynssaka med denne rapporten, men ber Molde kommune om å vurdere forholda som er påpeika som merknad etter tilsynet.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten, kan det formidlast direkte til Stine Sætre, [stine.saetre@fylkesmannen.no](mailto:stine.saetre@fylkesmannen.no), 71258485 / 95224419.